



Arkivsaknr: 2026/4162-1
Sakshandsamar: Christian Fredrik Fotland
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Medlemskap i Vest - Norges Brusselkontor

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1) Alver kommune melder seg inn i Vest-Norges Brusselkontor.
- 2) Kostnadene til medlemskap vert innarbeidde i kommunen sitt budsjett.
- 3) Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre innmeldinga og følge opp medlemskapen på vegner av kommunen.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næring, kultur og idrett

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Samandrag: Kommunedirektøren vurderer at medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor vil styrkje Alver kommune si tilgang til europeiske nettverk, relevant innsikt om EU/EØS og moglegheiter for prosjekt- og partnarsamarbeid. Det vert tilrådd at Alver kommune melder seg inn.

Bakgrunn

Vest-Norges Brusselkontor (VNB) presenterte verksemda si for formannskapet 12. mars 2026. På bakgrunn av presentasjonen og kommunen sitt behov for betre innsikt i og kontakt med europeiske prosessar, vert det lagt fram sak om medlemskap i VNB.

Alver kommune er på mange område ein internasjonalt orientert kommune. Kommunen har eit næringsliv med sterke internasjonale koplingar, mellom anna innan industri, energi, hav, teknologi og eksportretta verksemd. Samstundes er kommunen ein stor offentleg aktør i Vestland, med ansvar for tenester og samfunnsutvikling på område som i aukande grad vert påverka av utvikling i EU og EØS.

Dette gjeld mellom anna klima- og energipolitikk, beredskap, kompetanse, forskning, grønne omstillingar, næringsutvikling og tilgang til eksterne finansieringsordningar.

Om Vest-Norges Brusselkontor

Vest-Norges Brusselkontor arbeider for å representere medlemmene sine interesser og støtte dei i arbeidet med europeisk samarbeid og i møte med felles europeiske utfordringar. Kontoret skal vere eit bindeledd mellom Vest-Norge og Brussel, og bidra til at medlemmene får betre tilgang til EU-systemet, relevante nettverk og aktuell informasjon.

Vest-Norges Brusselkontor er organisert som eit vestnorsk samarbeidsnettverk med deltaking frå fylkeskommunar, kommunar og kunnskapsinstitusjonar. Kontoret legg til rette for samarbeid om prosjekt, kunnskapsdeling og felles interessearbeid i saker som er viktige for regionen.

Kva eit medlemsskap kan gi Alver kommune

Eit medlemsskap i VNB vil først og fremst gi Alver kommune tilgang til eit regionalt nettverk for europeisk samarbeid. Dette kan vere særleg relevant for Alver kommune, både som samfunnsutviklar og som tilretteleggjar for næringslivet.

VNB kan hjelpe med rettleiing, partnersøk og kontakt dersom kommunen ønskjer å søkje EU-finansiering eller finne europeiske samarbeidspartnarar, anten gjennom EU-utlysingar eller EØS-midlar. For Alver kan dette vere aktuelt innan område som grøn omstilling, klimatilpassing, beredskap, kompetanseutvikling, hav- og kystrelaterte satsingar og innovasjon i offentlege tenester.

Eit medlemsskap vil òg gi kommunen betre tilgang til innsikt i utviklinga i EU. VNB tilbyr nyheitsbrev, rapportar, webinar, foredrag og kurs om utviklinga i EU og EØS, retta både mot tilsette og folkevalde i medlemskommunane.

For Alver kommune kan dette ha verdi på fleire nivå. For administrasjonen kan det gi betre grunnlag for å følgje utviklingstrekk som påverkar kommunen sine ansvarsområde. For politisk nivå kan det styrkje kunnskapen om korleis europeiske prosessar verkar inn på lokale prioriteringar. For kommunen samla kan det gi betre tilgang til møteplassar, profilering og kontaktar i Brussel dersom kommunen ønskjer å løfte fram eigne prosjekt eller delta i relevante arrangement.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at eit medlemsskap i Vest-Norges Brusselkontor vil vere relevant og nyttig for Alver kommune.

Alver er ein stor kommune i ein region med sterke internasjonale koplingar. Utviklinga i Europa har aukande betydning for både næringsliv, energisystem, kompetansebehov, beredskap og offentleg forvaltning. For ein kommune som Alver er det difor viktig å vere tettare kopla på dei prosessane som formar rammevilkår og moglegheiter også lokalt.

Eit medlemsskap vil ikkje i seg sjølv utløyse prosjekt eller finansiering, men det vil styrkje kommunen si evne til å oppdage moglegheiter tidlegare, byggje nettverk og hente inn relevant kunnskap. Særleg viktig er dette i ei tid der grøen omstilling, energipolitikk, sikkerheit, forsyningstryggleik og samfunnsberedskap står høgt på den europeiske dagsordenen. Kommunedirektøren vil arbeide systematisk for å hente ut effektar og midlar gjennom eit eventuelt medlemskap.

Kommunedirektøren legg også vekt på at VNB er politisk nøytral i spørsmålet om norsk EU-medlemsskap. Eit medlemsskap inneber ikkje at kommunen tek stilling i EU-debatten, men at kommunen ønskjer betre innsikt, større påverknadskraft og tettare samarbeid i saker som påverkar regionen.

Økonomiske konsekvensar

Serviceavgifta for kommunale medlemmer er oppgitt til 5,44 kroner per innbyggjar i 2025, i tillegg til eit fast beløp på 1 000 kroner per medlem. Avgifta vert indeksjustert årleg.

Med utgangspunkt i om lag 30 285 innbyggjarar vil årskostnaden vere rundt 165 750 kroner, med atterhald om seinare prisjustering og oppdatert folketal.

Kommunedirektøren vurderer at dette er ein avgrensa kostnad sett opp mot den potensielle nytten av auka tilgang til nettverk, kunnskap, partnersøk, prosjektmoglegheiter og strategisk innsikt.

Konklusjon

Kommunedirektøren meiner at medlemsskap i Vest-Norges Brusselkontor vil vere eit formålstenleg grep for Alver kommune. Medlemsskapen vil styrkje kommunen si kopling til europeiske prosessar og samarbeid, gi tilgang til eit etablert vestnorsk nettverk og bidra til betre innsikt i utviklingstrekk som får betydning for kommunen som organisasjon, samfunnsutviklar og samarbeidspart for næringslivet. Dei økonomiske konsekvensane er vurdert som akseptable ut i frå kva kommunen kan få igjen.

På denne bakgrunnen vert det tilrådd at Alver kommune melder seg inn i Vest-Norges Brusselkontor.